



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 02.11.2017

Vår ref.: 2017/1183

Arkivnr.: 512.1

Innovasjon Norge Rogaland  
Postboks 8034  
4068 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Mellombels særordning med tilskot til gjødsellager for heile Rogaland

På grunn av den heilt spesielle vekstsesongen og veret vi har hatt i 2017, har mange bønder utfordringar med lagerkapasitet. Dette kan for enkelte gi store utfordringar tidleg våren 2018, og negative miljøkonsekvensar. Partnerskapen har difor teke avgjerd om at ordninga med tilskot til gjødsellager blir utvida til å gjelde heile Rogaland for ein avgrensa periode nå i siste del av 2017.

Vi viser til semje om å sette av kr 4 mill. kroner til denne særordninga som vil bli forvalta av Innovasjon Norge på ordinær måte. For å kunne gi støtte til flest mogleg, og ut frå avgrensa midlar, set vi vilkår om støtte på inntil 20 % og tilskotstak på kr 100 000,-. Søknader i dei prioriterte områda har same vilkår som før.

Det er same dokumentasjonskrav i denne ordninga som det som gjelder i kriteriedokumentet for bygging av gjødsellager i utvalde vassdrag. Vi vil særleg framheve det å ta omsyn til dyrka jord og landskap. Det blir lagt til grunn 12 månaders lagringskapasitet for denne ordninga.

Søknadane blir behandla fortløpande, og søknadsfristen for denne særordninga er 10.12.2017. For ordninga gjeld vilkår om at lagera skal vere ferdig bygde og tatt i bruk innan 4 månader frå tilsegn om tilskot. Vi viser elles til tildelingsbrev datert 03.02.2017, og til nemnte kriteriedokument.

Ut frå den heilt spesielle situasjonen er det viktig at kommunane prioriterer desse sakene, og syter for at nødvendig dokumentasjon følgjer søknaden - jfr s. 3 i kriteriedokumentet.

Vi vil gjere ei ny vurdering av eventuelle tilskot til miljøtiltak for 2018, og vi vil også gjere ein revisjon av nemnte kriteriedokument.

Med helsing

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80  
E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland skognæringsforum	Pedersgt 32C	4013	STAVANGER
Rogaland bondelag	Postb 278	4002	STAVANGER
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Innovasjon Norge, hovedkontor	Pb 448	0104	OSLO
Rogaland bonde- og småbukarlag			